

## Bli med i Lye skulekorps!

Som medlem i korpset får du:

- Spela og ha det kjekt i lag med jenter og gutter på tvers av ulike alderstrinn
- Oppleva glede og mykje kjekt gjennom musikken
- Halda konsertar og marsjera
- Reisa på seminar og sommartur
- Læra å spela eit instrument som du vil ha glede av heile livet



**Me skal spela Lye mot nye høgder!**



Me er ein liten gjeng med glade musikantar som har det kjempekjekt i lag både på øvingar, på konsertar og på turar. Me har eit mål om å bli skikkeleg flinke. Me tykkjer faktisk vi spelar ganske bra allereie. Vil du spela i lag med oss? Fyll ut slippen på baksida og lever til kontaktlærer eller send e-post til [lyeskulekorps@hotmail.no](mailto:lyeskulekorps@hotmail.no) innan 5. juni.

### ALTHORN

### SLAGVERK

### BARYTON

### KORNETT

### TROMBONE



#### Instrumenter:

Til venstre ser du dei instrumentgruppene som me brukar i Lye skulekorps i dag. Du får låna instrument gratis så lenge du er med i korpset (bortsett frå slagverk).

#### Pris:

Ein aspirant (første år dei spelar) betalar kr. 750,- for eit skuleår. Juniorar (andre år dei spelar) og hovudkorpssingar betalar kr. 1200,- pr. skuleår. I tillegg kjem utgiftar til seminar og turar.

#### Øvingsdagar:

Måndag etter skuletid: Timar åleine med instruktør eller i små grupper (20-30 min)  
Torsdag ettermiddag (for dei som har gått minst eit halvt år): korpsoving (1-2 timar)

#### Me forventar at føresette:

- Hjelper musikanten å huske på når det er øving
- Hjelper musikanten å ta vare på instrumentet
- Motiverer musikanten til å øve heime
- Stiller som foreldrevakt etter vaktlister på gruppeøvingane torsdagar (dette gjeld ikkje det første halve året)
- Bli med på dugnad 1 gong pr. år for å få inn inntekter til korpset
- Hjelper til med praktiske oppgåver og som vakter på seminar ca. ein gong i halvåret

Namn: \_\_\_\_\_

Klasse: \_\_\_\_\_

Tlf: \_\_\_\_\_

E-post: \_\_\_\_\_

Får eg velgja, ynskjer eg dette instrumentet: \_\_\_\_\_

Underskrift føresett: \_\_\_\_\_